



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 18.09.2024 kl. 17:30-19:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Lillian Gjervik	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Tommy Erdal	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Astri Thorsen Landøy	Varamedlem

Forfall:

Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2024/21		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2024/22		Godkjenning av protokoll frå Askvoll sokneråd 18.06.2024	RUNE ZIENER
SR 2024/23		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2024/24		Samarbeid om felles trusopplæringsstilling for Askvoll, Fjaler og Hyllestad	RUNE ZIENER
FR 2024/25		Musikkdiakonalt prosjekt - forlenga prosjektperiode	RUNE ZIENER
FR 2024/26		Budsjettjustering 2024	RUNE ZIENER
FR 2024/27		UTSETT SAK - Budsjettforslag 2025 og økonomiplan 2026-2028	RUNE ZIENER
SR 2024/28		Oppnemning av kyrkjemusikkutval og fastsetjing av reglement	RUNE ZIENER

Askvoll, 18.09.2024

Rune Ziener
referent

SR 2024/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Merknad om at det var komt til ei ekstra meldingssak og at FR 2024/27 ikkje var klar før utdeling i møtet, og at soknerådet måtte ta stilling til om saka skulle verte handsama eller utsett til seinare møte.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre, med merknadene sett fram av kyrkjeverja.

SR 2024/22 Godkjenning av protokoll frå Askvoll sokneråd 18.06.2024

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 18.06.2024.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 18.06.2024.

SR 2024/23 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 18/2024 KA: Rundskriv 05/24: *Tariffrevisjonen av Hovedtariffavtalen for Den norske kirke pr 01.05.2024 – resultatet kan iverksettes og ny lønn utbetales (16.08.2024)*
- M 19/2024 Statsforvalteren i Vestfold og Telemark: *Tilbakemelding - vurdering av tre - Holmedal kyrkjegard (02.07.2024)*
- M 20/2024 *Svar på søknad om godkjenning av restaureringsprosjekt – orgelet i Holmedal kyrkje (10.09.2024)*
- M 21/2024 Utleige av kyrkjene - generell drøfting. (Prisnivå og evt. differensiering)
- M 22/2024 Bemanningssituasjonen - kort orientering
- M 23/2024 Stongfjorden kapell

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, med følgjande presisering: *M-sakene 19,21 og 23 vert teke opp som eiga saker i seinare møte.*

FR 2024/24 Samarbeid om felles trusopplæringsstilling for Askvoll, Fjaler og Hyllestad

UTGREIING

Bakgrunn for saka

For tida er det vakanse i kyrkjelydspedagogstillinga i Askvoll. Den har vore vakant sidan medio august 2023, og etter utlysing hausten 2023 med søknadsfrist 1. oktober har ein ikkje motteke søknader på stillinga.

Erfaringsmessig er denne pedagogstillinga krevjande mtp. rekruttering, noko som generelt gjeld kyrkjelege undervisningsstillingar på landsbasis, og førre vakante periode for stillinga i Askvoll var på om lag 3,5 år frå 2017-2020.

Situasjonen rundt trusopplæringa og pedagogstillinga i Askvoll var drøfta i møte august 2023 (sak SR 2023/41), der sekundær løysing for pedagogstillinga var:

«Vidareføre ordninga med ein person i stillinga, men søkje samarbeid med omkringliggjande fellesråd, t.d. Fjaler som også har vakanse i stillinga for tida. Ei slik modell vil føre til ei meir robust stilling, betre tilrettelagt for utvikling av kompetanse. Vonleg vil rekruttering til ei slik stilling vere lettare.»

Kyrkjeverja har teke opp saka med Fjaler, som er positive til eit samarbeid, og i løpet av 2024 har kyrkjeverjene i Askvoll-Fjaler-Hyllestad sett på moglegheita av samarbeid om ei stilling.

Praktisk utforming av ei samarbeidsmodell

Vertsfellesråd

Det er nokre døme på tilsvarande samarbeid i seinare år om kyrkjelege stillingar innan trusopplæring og diakoni i vårt prostirområde. T.d. var det i fleire år felles prostidiakon i fellesrådsområda Gulen/Hyllestad/Høyanger/Solund og trusopplærar i Hyllestad/Høyanger/NMS.

Dei nemnde stillingane var organisert etter *vertsfellesrådsmodellen*, der eitt fellesråd hadde heile arbeidsgivaransvaret og styringsrett for stillinga, og samarbeidssfellesråda gjekk inn med finansiering av ein andel av stillinga, og fekk tilbake tenester frå vertsfellesrådet, nytta ihht. det enkelte soknet sine verksemdsplanar og prioriteringar.


Fagleg styringsgruppe

Ein deling av arbeidsgivar sin styringsrett og det einskilde soknet sitt verksemdsansvar krev ryddige avtalar og styringslinjer. For dei nemnde stillingane over var det oppnemnd særskilte styringsgrupper (felles diakoni- og trusopplæringsutval på tvers av fellesråda i samarbeidsområdet) med representasjon av dei ulike sokna i samarbeidsområdet.

Ei slik samordna styring, fagleg og administrativt, vil sikre mot potensielle interesse- og forventingskonfliktar mellom dei løyvande organa med verksemdsansvaret, vertsfellesrådet som formell arbeidsgivar og den tilsette.

I samband med utlysning av ei samarbeidsstilling vert å tilrå å etablere ei interim styringsgruppe sett saman av sokneprestane i kvart av dei tre sokna i samarbeidsområdet (som både representerer sokna og har første hands kjennskap til det pågåande trusopplæringsarbeidet på kvar stad), kyrkjeverje Rune Ziener. Styringsgruppa skal kvalitetssikre utlysningstekst og stillingsomtale.

Styringsprinsipp (illustrasjon)



Praktisk tilrettelegging

Både Askvoll og Fjaler bør seie seg villig til å ta på seg rolla som vertsfellesråd i samarbeidet, då desse er dei største fellesrådsområdet og har ledig, tilfredsstillande kontorfasilitetar til ein felles pedagog.

Det er teke utgangspunkt i at det vert stilt kontorplass/arbeidsstasjon til disposisjon ved kvart kyrkjekontor for kyrkjelydspedagogen.

Fast oppmøtestad kan ein komme tilbake til, og bør i utgangspunktet vere på kontorplass i vertsfellesrådet. Reisetid og reiseutgifter mellom fellesrådsområda bør belastast fellesråda forholdsvis etter andel i stillinga. Likeins utgifter og medgått tidsbruk til kurs og møteverksemd m.v. som ikkje er knytt til det enkelte soknet dekkast inn forholdsmessig.

Finansiering

Ein legg til grunn at dei fellesråda som inngår i stillingssamarbeidet går inn med høvesvis finansiering og får tilsvarende ressursar tilbake i form av høvesvis stillingsdel.

Det er ikkje mogleg å seie endeleg kva ei stilling vil koste før ein føreteke tilsetning, då lønsspennet avhengig av kvalifikasjonar og ansiennitet har eit spenn på over kr 200.000,- for full stilling.

Sjølv om ein går saman tre fellesråd her, vil ein neppe komme opp i full stilling totalt, om ein skal avgrense finansieringa til det samla trusopplæringstilskotet som vert gitt til sokneråda i aktuelt samarbeidsområde.

Økonomisk handlingsrom - Askvoll

Trusopplæringstilskot

Då ordninga med trusopplæringstilskot vart innført tidleg på 2000-talet var det føresett at tilskotet primært skulle finansiere trusopplæringsstillingar. Sidan innføringa har det ikkje vore større endringar i tildelingskriteria, men det som ligg til grunn er talet medlemmer i alderen 0-18 år pr. fellesrådsområde på tildelingstidspunktet. Utviklingstendensen viser at lønnsveksten for trusopplæringsstillingane har vore større enn justeringane for lønns- og prisvekst.

Tilskotsbeløpet til Askvoll utgjer for 2024 kr 386.777,-.

Unytta midlar i 2024 (ekskl. 5% av tilskotsbeløpet) kjem til frådrag i påfølgande års løyving. Etter berekingar føreteke av kyrkjevevringane i samarbeidsområdet, vil ei 100% stilling i høgste lønnsgruppe ha ei årleg kostnad på om lag kr 966.000,- (etter tariffoppgjær 2024).

Askvoll vil då kunne finansiere ei 40% stillingsdel, om ein berre nyttar tilskotsmidlar. Ved lågare lønsplassering vil det vere rom for finansiering opp mot 50%.

Fast gjevarteneste

Det vart etablert ei fast gjevarteneste til trusopplæringa i mai 2023. Fram til no er ein langt unna det årlege innsamlingsmålet på kr 50.000,- som er sett. I 2023 fekk soknet inn kr 6.800,- og med dei faste gjevartene ein har i dag, vil det komme inn kr 6.000,- totalt i 2024. Pr. i dag er det altså ikkje grunnlag for stillingsauke til kyrkjelydspedagog finansiert med fast gjevarteneste.

Andre inntekter til trusopplæringa

Soknet får inn kyrkjeofringar, andre gåver og brukarbetalingar til trusopplæringa. Desse

midlane (som utgjorde totalt om lag kr 50.000,- i 2023) er forutsett at framleis skal dekke utgifter til aktivitetar og materiell.

Tilleggsfinansiering - prosjektmidler

Det er lyst ut midlar frå Kyrkjerådet som skal stimulere til samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd og samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd og bispedømmerådet. Målsetjinga er å skape ei betre lokal organisering. Utlysinga har frist 1. oktober, og kyrkjevevjerene i aktuelt samarbeidsområde har begynt å førebu ein søknad for å få oppfinansiering til mellombels 100% stilling i ein prosjektperiode.

INNSTILLING

- 1) Askvoll sokneråd er positive til å inngå eit forpliktande stillingssamarbeid med Fjaler og Hyllestad om felles pedagogstilling, organisert etter vertsfellesrådsmodellen.
- 2) Askvoll sokneråd forpliktar seg til å finansiere ei inntil 40% stillingsdel.
- 3) Askvoll sokneråd seier seg villig til å vere vertsfellesråd for stillingssamarbeidet.
- 4) Kyrkjevevjerja har fullmakt på soknet sine vegner til å ta nødvendige avgjerder i samband med vidare tilsettingsprosess, dog med dei begrensingar som ligg i vertsfellesrådet sitt tilsettingsreglement.
- 5) Det vert oppnemnt eit interimstyre for stillingssamarbeidet der Rune Ziener og Tommy Erdal deltek frå Askvoll sokn.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

- 1) Askvoll sokneråd er positive til å inngå eit forpliktande stillingssamarbeid med Fjaler og Hyllestad om felles pedagogstilling, organisert etter vertsfellesrådsmodellen.
- 2) Askvoll sokneråd forpliktar seg til å finansiere ei inntil 40% stillingsdel.
- 3) Askvoll sokneråd seier seg villig til å vere vertsfellesråd for stillingssamarbeidet.
- 4) Kyrkjevevjerja har fullmakt på soknet sine vegner til å ta nødvendige avgjerder i samband med vidare tilsettingsprosess, dog med dei begrensingar som ligg i vertsfellesrådet sitt tilsettingsreglement.
- 5) Det vert oppnemnt eit interimstyre for stillingssamarbeidet der Rune Ziener og Tommy Erdal deltek frå Askvoll sokn.

FR 2024/25 Musikkdiakonalt prosjekt - forlenga prosjektperiode

UTGREIING

Askvoll sokn har sidan februar 2022 hatt gåande eit prosjekt musikkdiakoni/musikkterapi knytt til Askvollheimen. Kantor har vore engasjert i ei 10% stillingsdel i prosjektet. Det 3-årige prosjektet har vore eksternt finansiert med tilskotsmidlar (kr 300.000,- frå Bjørgvin bispedømmeråd og kr 80.000,- frå Askvollheimen for perioden). Prosjektstillinga utgår etter 13. februar.

Økonomi

Ein ligg an til at det vil vere restmidlar i prosjektet etter prosjektperiodens utløp. Tilskotet frå Askvollheimen vil vere oppbrukt etter 2024, men restmidlar (som er sett i eit bunde fond til prosjektet) er estimert til å utgjere ca. kr 155.000,- etter inneverande rekneskapsår.

Eigne diakonimidlar frå soknet (kr 26.011,-) er enno ikkje nytta.

Tilgjengelege midlar pr. no er altså om lag kr 181.000,-

Estimert kostnad til ei evt. forlenga prosjektperiode er kr 278.000,- for 3 år.

Om Askvollheimen kan gå inn med tilsvarende tilskotsom for inneverande prosjektperiode (med justering for lønnsvekst), vil ein kunne ha nær fullfinansiering av ei 3-årig forlenging.

Ein har svært gode erfaringar med prosjektet så langt, og ein bør prøve å få forlenga perioden.

Ein bør såleis søkje Askvollheimen om nye midlar (kr 90.000,- over 3 år) for å forlenga prosjektet.

Resterande differanse vert dekkja inn med eigne midlar.

Kostnadsestimat og mogleg finansiering ved forlenga prosjektperiode

	12 mnd	Årseffe kt	Finansiering			RES	FONDS BALANSEFØRT (UB)		
			BDR	A.heimen	Soknet		BDR	A.heimen	Soknet
R 2023	74 235	74 235	-35 982	-38 253	0	0	-227 623	0	-26 011
Est. 2024	77 947	77 947	-72 753	-5 194	0	0	-154 870	0	-26 011
Est. 2025	81 844	81 844	-50 000	-30 000	-1 844	0	-104 870	0	-24 167
Est. 2026	85 936	85 936	-50 000	-30 000	-5 936	0	-54 870	0	-18 231
Est. 2027	90 233	90 233	-50 000	-30 000	-10 233	0	-4 870	0	-7 998
Est. 2028	94 745	19 738	-4 870	0	-7 998	6 870	0	0	0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer å forlenga musikkdiakoniprojektet, og vidareføre

stillingsressursen knytt til prosjektet.

2. Askvoll sokneråd søker Askvollheimen om kr 30.000,- årleg i tilskotsmidlar for 3 nye år.

3. Bjørgvin bispedømmeråd vert orientert om at soknet ønskjer å nytte resterande av tilskotsmidlar gitt i 2021 til å forlengje prosjektperioden i med inntil 3 nye år.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer å forlengje musikkdiakoniprojektet, og vidareføre stillingsressursen knytt til prosjektet.

2. Askvoll sokneråd søker Askvollheimen om kr 30.000,- årleg i tilskotsmidlar for 3 nye år.

3. Bjørgvin bispedømmeråd vert orientert om at soknet ønskjer å nytte resterande av tilskotsmidlar gitt i 2021 til å forlengje prosjektperioden i med inntil 3 nye år.

FR 2024/26 Budsjettjustering 2024

UTGREIING

Ulike forhold gjer det nødvendig med justeringar i driftsbudsjettet for 2024.

Fornyng av lydutstyr

Det har i lengre tid vore ønskeleg å bytte ut ein del av lydutstyret i kyrkjene som ikkje fungerer optimalt. Tommy Erdal har henta inn tilbod på ei «lydpakke» til Askvoll, Holmedal og Vilnes kyrkjer, med mellom anna miksar og andre oppgraderingar av musikk- og taleanlegget i desse kyrkjene.

Samla tilbodspris frå rimelegaste tilbydar er totalt kr 37.654 ekskl. MVA for pakken. Ein mindre kostnad til kablar vil komme i tillegg.

I etterkant av at tilbodet var innhenta viser det seg at ei hovudbøyle til Vilnes er knekt, og ein treng ei ny her.

Tilbodet skal oppdaterast med ny bøyle, men dette er ikkje motteke enno. Ein kan setje ein ca.-pris på kr 5.000,- inkludert kablar.

Tilbodet fordeler seg slik på kyrkjene:

Askvoll	8 418,20
Holmedal	17 230,40
Vilnes	12 005,40
Bøyle/kablar*	5 000,00
<u>Samla</u>	<u>42 654,00</u>
<u>Avrunda</u>	<u>43 000,00</u>

*stipulert

Om ein vel å kjøpe denne utstyrspakken, kan denne verte finansiert med fondsmidlar. Aktuelle bunde driftsfond er *kyrkjemusikalsk arbeid/utstyr Askvoll* (disp. 55.712,-) og *Holmedal kyrkje, orgel/inventar* (disp. 170.100). I det førstnemnde ligg ingen binding til særskilt kyrkjebygg, men gjeld heile soknet.

Til utstyr til Vilnes kyrkje, kan ein óg t.d. nytte overskotsmidlar etter kyrkjejubiléet. Sannsynleg prosjektoverskot er, så langt ein kjenner til, kr 5.464,-.

Tilrådd finansiering vert såleis:

	Askvoll	Holmedal	Vilnes	SUM	Avrunda
Fond - kyrkjemusikalsk arbeid	-8418		-11541	<u>-19959</u>	<u>-20000</u>
Fond - Holmedal kyrkje orgel/inv.		-17230		<u>-17230</u>	<u>-17500</u>

Overskot kyrkjejubileum			-5464	<u>-5464</u>	<u>-5500</u>
SUM	<u>-8418</u>	<u>-17230</u>	<u>-17005</u>	<u>-42653</u>	<u>-43000</u>

Reparasjon av taklekkasje Askvoll kyrkje

Det har ei tid vore fleire taklekkasjar på Askvoll kyrkje grunna laus/skada takskifer. Taket skal rehabiliterast, men det var nødvendig med nokre strakstiltak for å få taket tett og hindre vidare utvikling av følgjeskadar av lekkasjane.

Arbeidet er utført i august 2024 til ein avtalt kostnad på kr 31.200,- ekskl. MVA utanom nødvendig reparasjonsmateriell. Tiltaket låg ikkje inne i budsjettet, men vart sett i gang som eit nødvendig strakstiltak.

Soknet har fondsmidlar knytt til Askvoll kyrkje på kr 32.598,- pr. 2024.

I forslaget er tilrådd at ein nyttar tilgjengelege fondsmidlar til Askvoll kyrkje til desse utbetringane.

Truleg vert dette litt knapt mtp. kostnad til reparasjonsmateriell, men her kan ein t.d. bruke av ledige midlar for leige, leasing og kjøp av maskinar kyrkjegard, her føreslege kr 4.000,-.

Samla justeringsforslag

Konto	Utg. opp/ innt. ned	Utg. ned/ innt. opp
32000.200.04200.000.0000.0	43000	
32300.200.04200.000.0000.0	36000	
32400.200.04300.000.0000.0		-4000
31200.200.04400.000.8011.0		-5500
39500.200.04200.000.0000.0.7002		-32000
39500.200.04200.000.0000.0.7014		-20000
39500.200.04200.000.0000.0.7023		-17500
SUM	<u>79000</u>	<u>-79000</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd justerer driftsbudsjettet for 2024 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd justerer driftsbudsjettet for 2024 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2024/27 Budsjettforslag 2025 og økonomiplan 2026-2028

UTGREIING

Skriftleg saksutgreiing vart delt ut i møtet

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram om å utsetje saka til seinare møte.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Saka vert utsett.

SR 2024/28 Oppnemning av kyrkjemusikkutval og fastsetjing av reglement

UTGREIING

Soknet har ei tid hatt ein intensjon om å oppnemne eit kyrkjemusikkutval som skal ha som føremål å utvikle og føreslå prioriteringar innan det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet, jf. soknerådet sitt ansvar for at det kyrkjemusikalske livet lokalt, Kyrkjeordninga § 12, 2. ledd.

Ikkje minst bør utvalet ha ansvar for å utvikle ein kyrkjemusikalsk plan for soknet.

Utvalet bør ha representasjon frå soknerådet og aktørar innan det frivillige musikklivet i soknet/kommunen.

Kantor Sabina Baylarbayova har spurt aktuelle personar om å vere med i utvalet, og desse har sagt ja:

- Silje Furnes Solheim
- Oddgunn K. Grane
- Rune Ziener
- Tommy Erdal

Reglement

Det bør óg utformast eit reglement for utvalet.

I tilrådinga er teke utgangspunkt i gjeldande reglement for trusopplæringsutvalet for Askvoll, men med visse tilpassingar.

Forslag til reglement for kyrkjemusikkutvalet i Askvoll

Vedteke av Askvoll sokneråd xx, sak SR xx

1 Formål:

1.1. Kyrkjemusikkutvalet skal ha særleg merksemd retta mot det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet og bidra til å styrkje det lokale engasjementet for kyrkjemusikk i kyrkjelyden. Vidare skal utvalet sjå til at lokal plan for kyrkjemusikk vert utarbeidd, og evaluert éin gong per valperiode og vidareutvikla, samt at tiltak i planen vert gjennomførte.

1.2 Kyrkjemusikkutvalet skal vere ei ressursgruppe for kantor/kyrkjemusikar.

2 Val og samansetjing:

2.1 Askvoll sokneråd er representert i einingsutvalet med minst ein kyrkjemusikalsk kontakt.

2.2 I tillegg til kyrkjemusikalsk kontakt skal det vere minst tre andre medlemmer oppnemnt av soknerådet i utvalet, samt kantor/kyrkjemusikar.

3 Funksjonstid:

3.1. Valperioden for kyrkjemusikkutvalet følgjer soknerådsperioden.

4 Konstituering:

4.1 Kyrkjemusikkutvalet konstituerer seg sjølv. Det skal veljast leiar og nestleiar for éitt år av gangen.

4.2 Kantor/kyrkjemusikar er fast sekretær for utvalet.

5 Oppgåver og mandat:

5.1 Evaluere og vidareutvikle lokal plan for kyrkjemusikk.

5.2 Sjå til at tiltak i kyrkjemusikalsk plan vert realiserte.

5.3 Vere ei ressursgruppe for kantor/kyrkjemusikar.

6 Arbeidsform:

6.1 Utvalslleiar kallar inn til møte (minimum to gonger pr. halvår).

6.2 Det skrivast eit enkelt referat frå møta, som vert oversendt til soknerådet.

7 Vedtak og endring av reglement:

7.1 Soknerådet har vedtaksmynde ved fastsetting og endring av reglement.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner eit kyrkjemusikkutval for inneverande valperiode for soknerådet sett saman av, i tillegg til kyrkjemusikar:

- Silje Furnes Solheim
- Oddgunn K. Grane
- Rune Ziener
- Tommy Erdal

2. Reglement for utvalet, slik det ligg føre i kyrkjevevja sitt forslag, vert vedteke med verknad frå vedtaksdato.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner eit kyrkjemusikkutval for inneverande valperiode for soknerådet sett saman av, i tillegg til kyrkjemusikar:

- Silje Furnes Solheim
- Oddgunn K. Grane
- Rune Ziener
- Tommy Erdal

2. Reglement for utvalet, slik det ligg føre i kyrkjevevja sitt forslag, vert vedteke med verknad frå vedtaksdato.